



Hordabø Idrettslag
Radøyvegen 2795
5937 BØVÅGEN

Referanser:
Dykkar: Ref.:VVZUK7-
Skjemanr.:208
Vår: 15/163 - 15/9465

Saksbehandlar:
Lin Tove Thomassen
lin.tove.thomassen@radoy.kommune.no

Dato:
19.08.2015

Svar på søknad om skjenkeløyve - opne arrangement - 21.8 og 22.8 i Hordabøhallen

Viser til din søknad om skjenkeløyve datert 11.08.2015.

Hordabø idrettslag skal gjennomføre to opne arrangement med skjenking. Fredag 21.august er det planlagd konsert og laurdag 22. august er det planlagd dans. Dei søker om å få skjenka alkoholhaldig drikk under 22 % frå kl. 20.00-02.00 begge dagane. Det er aldersgrense 18 år på arrangementa.

Det er lagt ved eit kart med to telt og eit inngjerda område teikna inn. I det største teltet er det laga til ein bar for skjenking av alkoholhaldig drikk under 22 %. Det er også sett opp bar for skjenking i Hordabøhallen.

Søknaden er sendt til uttale hjå NAV Radøy og Nordhordland lensmannskontor. Dei har ingen merknader.

Kommunestyret vedtok retningslinjer for skjenketider i sak 046/04. Skjenketida for fredagar og laurdagar er frå kl. 0800 til 02.00. For uteservering er skjenketida frå kl. 13.00-23.00.

I ruspolitisk handlingsplan vedteken i sak 023/11 er utviding av skjenketid for eit enkelt høve delegert til rådmannen.

Rådmannen har vurdert søknaden og gjort slikt vedtak:

Med heimel i alkohollova, og etter delegert fullmakt fatta av kommunestyret, vert det gjeve skjenkeløyve for to einskildhøve for alkoholhaldig drikk under 22 % frå kl. 20.00-02.00, i Hordabøhallen og i skjenketeltet, i samband med konsert 21. august og dans 22. august. Utskjenka alkohol skal vera konsumert innan ein halv time etter at skjenketida er slutt.

Løyvehavar er Frode Myking, Bøtjørnvegen 90,5037 Bøvågen, f. 18.06.1974 med Bjørn Ove Myking f. 21.12.51 som stadfortedar.

Område for skjenking er i dette løyve avgrensa til inne i hallen og til det uteareal som er skissert på vedlagte kart. Viser elles til "Lov om vern mot tobakksskader" med forskrift (Røykelova).

Radøy kommune føreset at naudsynt løyve frå politiet ligg føre. Aldersgrensa for kjøp av øl og vin er 18 år. Løyveharar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at reglane i alkoholova og forskrifta til alkoholova vert fylgde

Kommunen sine alkoholkontrollørar kan koma på besøk for å sjå til at alkoholova sine føresegner vert følgde.

For bruk av skjenkeløyve for einskildhøve skal det i dette tilfelle betalast ei avgift på kr 7000,-

Dersom du har spørsmål i saka kontakt leiar kultur- og sørvistorget Lin Tove Thomassen.

Med helsing

Lin Tove Thomassen
leiar kultur- og sørvistorget

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alkoholkontrollen i Nordhordland
og Gulen

Mottakarar:

Hordabø Idrettslag

Radøyvegen 2795 5937

BØVÅGEN